

## Sakspapir

Saksbehandler	Arkiv	ArkivsakID
Kjell Langeland	Gbnr - 76/103, HistSak - 13/12	16/9

Saksnr	Utvalg	Type	Dato
060/2017	Formannskapet	PS	21.11.2017

### Klage på vedtak om omgjerung av rammeløyve gnr 76 bnr. 103

#### FOR – vedtak sak 048/2017:

Klage frå naboar ang. dispensasjon frå reguleringsføresegnene vert ikkje teke til fylgje.

Kommunen gjev rammeløyveløyve til etablering av bustadhus som vist på teikningar, kart og skildring mottatt 15.03.17, jf. plan- og bygningslova (pbl) § 20-1.

Kommunen gjev dispensasjon som omsøkt frå byggegrense jf pbl § 29-4 for bygningsdel som ligg mot parkeringsplass i aust.

Nabomerknader på plassering mot kommunal veg i nord vert teke til fylgje. Modalen kommune gjev ikkje dispensasjon frå byggegrense i nord mot kommunal veg.

Det vert gjev dispensasjon frå pkt 2.3.1 og pkt 2.3.2 reguleringsføresegner. Det vert gjeve løyve til gesimshøgde på 8,9 m for dei to takoppletta.

Nabomerknader i høve til avkjøring i kryss vert teke til fylgje. Ein slik avkjørsle vil kunne skape ein uoversiktleg trafikksituasjon i eit område der det ferdast mange barn både i skuletid og på fritid. Ansvarleg søkjar må finne løysninga på utkjørsel langs stikkveg til 76/85 og 76/102.

#### Saksopplysningar:

I samband med delegert vedtak i sak 004/2017 Raammeløyve kom det inn klage på vedtaket. Klagen gjeld at det er gjeve dispensasjon frå byggegrens, gesimshøgde og at det var gjeve løyve til utkjøring frå eigedomen til hovudvegen.

Formannskapet handsama klagen i sak 048/2017 og gjorde vedtak om at ansvarleg søkjar må finna løysing på utkjøyrset langs stikkveg til 76/85 og 76/102. Ingen endring i delegert vedtak om dispensasjonar frå gesimshøgde og byggegrense.

Tiltakshavar har innan klagefristen kome med klage på formannskapet sit vedtak i sak 048/2017.

Formannskapet må handsama klagen og ta stilling til om klagen skal takast til følgje. Dersom klagen vert avvist skal saka oversendast Fylkesmannen i Hordaland.

Klagen går ut på fylgjande:

A. Manglande varsling etter forvaltningslova (fvl) §33, tredje ledd

*«Når noen reknes som motpart i saken skal underinstansen varsle vedkommende snarest mulig, jfr. likevel § 16 tredje ledd. Samtidig skal settes frist for å gi uttalelse. Varsles klagemotparten ved brev, skal kopi av klagen vedlegges med mindre parten etter § 19 kan nektes adgang til den»*

**Komentar:**

- 12.05.2017 Vedtak om delegert rammeløyve sendt ansvarleg søkjar og naboar.
- 02.06.2017 Klage frå naboar.
- 15.06.2017 Ansvarleg søkjar vart varsla om klage frå naboar på delegert vedtak om rammeløyve.
- 30.06.2017 Synfaring med ansvarleg søkjar, naboar og byggesaksavdelinga.
- 30.06.2017 Referat frå synfaringa.
- 16.08.2017 Melding frå ansvarleg søkjar til byggesaksavdelinga at tiltakshavar avviser forslag til løysing frå naboar.

B. Vedtak om omgjerung er ikkje begrunna, jf. Fvl. §24-25

**§. 24**

*«Enkeltvedtak skal grunngis. Forvaltningsorganet skal gi begrunnelsen samtidig med at vedtaket treffes.*

*I andre saker enn klagesaker kan forvaltningsorganet la være å gi samtidig begrunnelse dersom det innvilger en søknad og det ikke er grunn til å tro at noen part vil være misfornøyd med vedtaket. Det samme gjelder i saker om fordeling av tillatelser eller andre fordeler mellom flere parter. En part kan likevel kreve begrunnelse gitt etter at vedtaket er truffet. Krav om begrunnelse må framsettes i løpet av klagefristen eller - om ingen klagefrist løper - senest 3 uker etter at parten mottok underretning om vedtaket. Bestemmelsene i §§ 29, 30 og 31 gjelder tilsvarende.*

*Grunngiing kan unnlates i den utstrekning begrunnelse ikke kan gis uten å røpe opplysning som parten etter § 19 ikke har krav på å bli kjent med. I tilfelle som går inn under § 19 første ledd bokstav d, skal begrunnelse på anmodning gis en representant for parten når ikke særlige grunner taler mot det, likevel slik at muntlig orientering kan tre istedenfor skriftlig grunngiing.*

*Kongen kan for særskilte saksområder gi bestemmelser om at grunngiing kan unnlates når særlige forhold gjør det nødvendig. Likeledes kan Kongen bestemme at visse vedtak som går inn under første ledd skal grunngis etter reglene i annet ledd, eller at visse vedtak som går inn under annet ledd skal grunngis etter reglene i første ledd.»*

## **§25**

*«I begrunnelsen skal vises til de regler vedtaket bygger på, med mindre parten kjenner reglene. I den utstrekning det er nødvendig for å sette parten i stand til å forstå vedtaket, skal begrunnelsen også gjengi innholdet av reglene eller den problemstilling vedtaket bygger på.*

*I begrunnelsen skal dessuten nevnes de faktiske forhold som vedtaket bygger på. Er de faktiske forhold beskrevet av parten selv eller i et dokument som er gjort kjent for parten, er en henvisning til den tidligere framstilling tilstrekkelig. I tilfelle skal det i underretningen til parten vedlegges kopi av framstillingen.*

*De hovedhensyn som har vært avgjørende ved utøving av forvaltningsmessig skjønn, bør nevnes. Er det gitt retningslinjer for skjønnsutøvingen, vil i alminnelighet en henvisning til retningslinjene være tilstrekkelig.»*

### **Komentar:**

#### *Grunngjeving frå formannskapet for endring av avkjørsle:*

Nabomerknad i høve til avkjøring i kryss vert teke til fylgje.. Ein slik avkjørsle vil kunne skape ein uoversiktleg trafikksituasjon i eit område der det ferdast mange barn både i skuletid og på fritid. Ansvarleg søkjar må finne løysninga på utkjørsel langs stikkveg til 76/85 og 76/102

Syner til vedtaksbrev datert 11.09.2017 der det er gjort merksam på høve til å klage.

### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak som kan påklagast, jf. Forvaltningsloven (fvl) § 28. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen vedtaket vart mottatt, jf. fvl § 29 1.ledd. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til det forvaltningsorgan som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar ein ynskjer, jf. fvl § 32. Klagen skal grunngjevast.*

### **C. Manglande forutsibarhet i kommunens forvaltning.**

*Komentar.*

I referat frå førehandskonferanse byggesak står fylgjande:

NB! Kommunen gjer merksam på at førehandskonferansen berre er ei gjensidig orientering og at den ikkje gjev nokon av partane rettar i den seinare sakshandsaminga.

Merknader frå naboar, merknader frå offentlege instansar og politiske vedtak med vidare vil kunne føra til krav om endring av prosjektet, lengre tid til sakshandsaming og endring av sakshandsamingsprosessen.

Syner til grunngjeving frå formannskapet om endring av avkjørsle:

Nabomerknader i høve til avkjøring i kryss vert teke til følgje. Ein slik avkjørsle vil kunne skape ein uoversiktleg trafikksituasjon i eit område der det ferdast mange barn både i skuletid og på fritid. Ansvarleg søkjar må finne løysninga på utkjørsel langs stikkveg til 76/85 og 76/102.

Syner også til synfaring 30.06.2017. på tomta.

#### **Konklusjon:**

Saka vert lagt fram utan tilråding.

### **Formannskapet - 060/2017**

#### **FOR - behandling:**

Kjetil Eikefet og Linda Neset er naboar til den omsøkte tomten, og erklærte seg ugild i handsaminga av saka. Det var ikkje kalla inn vara for desse to.

Sakshandsamar Kjell Langeland orienterte om innhaldet i saka og klagen.

#### **FOR - vedtak:**

##### **FOR – vedtak sak 060/2017:**

Klage frå tiltakshavar vert ikkje teke til følgje.

Saka vert ovesendt til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

#### **Vedlegg:**

Modalen 76\_103 Klage på omgjøring av vedtak om rammetillatelse